

Evaluering gjennomføring av stortingsvalet 2025 i Hareid kommune

Av Erlend Friestad, valansvarleg

Innleiing

Eit av dei viktigaste måla for valg gjennomføring i Hareid kommune er at «alle som vil røyste, får røyste». I år blei dette lagt ekstra vekt på i og med at vi gjekk ned frå fire røystestadar til éin. Det var viktig at endringa ikkje hindra nokon i å røyste. Samstundes såg vi ikkje på det som ei stor utfordring, då det er svært korte avstandar i kommunen og ein raus førehandsperiode.

Resultatet blei som venta – ingen har meldt frå at dei ikkje fekk røyste på grunn av endringa. Tilbakemeldingane frå veljarane, også personar som vanlegvis har røysta i krinsane, har i all hovudsak vore at dette fungerte veldig bra. Administrasjonen ønsker derfor at denne ordninga no blir fast

Også nytt i år var at røystestyra som folkevald organ var ein saga blott. Vi måtte derfor tilsette eller nytte eigne tilsette personar som valmedarbeidarar. Lenge vurderte vi å lyse ut eksternt, men fant til slutt ut at vi kunne satsa på eigne tilsette.

Vi hadde elles ingen negative hendingar eller avvik. Eg er godt nøgd med korleis valg gjennomføringa gjekk i Hareid kommune.

Erlend Friestad
valansvarleg

Val i tal:

- Så mange kunne røyste: 3566
- Så mange røysta: 2874 (80,6 prosent)
- Så mange røysta på førehand: 1935 (67,3 prosent)
- Så mange røysta på valdagen: 939 (32,7 prosent)
- Så mange deltok i valg gjennomføringa: 25 personar
- Så mange elevar var på omvising i vallokalet under førehandsrøysteperioden: om lag 180

Valdeltaking

Valdeltakinga i Hareid blei 80,6 prosent. Vi må tilbake til 1989 for å finne høgare valdeltaking. Det er opp heile 2,3 prosentpoeng frå stortingsvalet i 2021 som hadde ei valdeltaking på 78,3 prosent. For landet som heilheit var valdeltakinga på 80,0 prosent – opp 2,8 prosentpoeng frå 2021. Hareid kommune hadde altså ein lågare vekst i valdeltakinga enn landet som heilskap. Men i 2017 var det ein større dipp i valdeltakinga nasjonalt, så samanliknar vi med to val tilbake, har Hareid kommune hatt ein større vekst i valdeltaking enn landet som heilskap.

Det er elles verdt å leggje merke til store forskjellar mellom kommunar og val, også mellom relativt like kommunar. Å vurdere årsaker til desse forskjellane er ikkje noko vi har høve til å analysere eller vil gjere forsøk på å forklare. Her er det altfor mange faktorar som må vurderast, og dei aller fleste ligg utanfor vår kontroll.

Opplæring

Som vanleg gjennomførte vi obligatorisk opplæring for alle som skulle vere i eit vallokale. Det vil seie at alle som var valmedarbeidarar var gjennom eit to-timars kurs eller fekk eigen spesialtilpassa opplæring av valansvarleg (gjaldt ein person som var sjuk på opplæringsdagen).

Opplæringa var bygd på opplæringa som blei gitt ved tidlegare val, men med enkelte endringar for å tilpasse ny vallov. Valansvarleg har fått gode tilbakemeldingar frå deltakarane på at opplæringa gav eit godt grunnlag for å vere valmedarbeidarar.


Til neste val, ønsker vi at alle også har eit par timar praksis frå førehandsrøysteperioden. Då får dei vere i lag med ein erfaren røystemottakar og får testa seg litt. Det vil gjere dei endå tryggare, og særleg i unnatakssituasjonane. Det vil også vere med på å avlaste servicetorget som har ein særskild stor byrde i dei siste to vekene av førehandsrøysteperioden (sjå avsnitt om tidsbruk).

Førehandsrøysteperioden

Allereie i tidlegrøysteperioden såg vi at mange gjekk tidlegare til urnene enn før. Frå den ordinære førehandsrøysteperioden starta 11. august var det jamn pågang på servicetorget med personar som ønska å røyste før valdagen.

Til slutt enda vi med soleklar ny førehandsrøysterekord: meir enn 2 av 3 veljarar valde å røyste på førehand (67,3 prosent). Til samanlikning var det berre 63,8 prosent som røysta på førehand under stortingsvalet i 2021 – der det blei oppmoda om å røyste på førehand for å unngå kø og smittepress på grunn av covid-pandemien.

Dette var ein nasjonal trend og på landsbasis røysta 63 prosent på førehand. Hareid kommune låg lenge bak landssnittet, så dei ekstra prosentpoenga kom først dei siste dagane av førehandsrøysteperioden.



Tilbodet

Stortingsvalet i 2025 er det valet der Hareid har hatt *dårlegast tilbod* med tanke på opningstid dei siste fire vala. Valdirektoratet fører statistikk for når veljarar røyster, brote ned på time.

Før valansvarleg tilrådde opningstider til valstyret, gjekk vi gjennom og såg på kva tidspunkt veljarane hadde røysta på tidlegare. På bakgrunn av denne analysen, valde vi å **kutte til saman om lag 80 timar med opningstid**. Dei fleste av desse i tidlegrøysteperioden, men også i nest siste veka før valet, då vi stengde klokka 15 i staden for 17. Dette såg ut til å fungere greitt, og vi har ikkje høyrte frå personar som ikkje fekk til å røyste på grunn av innskrenkinga.

Heimerøysting

Vi besøkte 9 heimar og tok imot røyster frå 16 personar, der nokre av desse er pårørande. Dette er omtrent på same nivå som ved tidlegare val.

Vi har publisert informasjon om denne ordninga i fleire omgangar på nettsida vår, i nyheitsbrev og på sosiale medium. Vi har også hatt annonse i Vikebladet og fått delt ut informasjonsskriv via heimehjelp til alle som har denne tenesta.

Vi hadde eit par tilfelle der dei som skulle røyste ikkje hadde legitimasjon. Dersom veljaren hadde vore på institusjon, ville det vore uproblematisk – då kan tilsette (som kan legitimere seg eller er kjende for valmedarbeidar gå god for brukar). Vi løyste dette med å kontakte heimehjelp på videooverføring, slik at heimehjelp kunne stadfeste identiteten til veljaren (som om vedkomande var på institusjon). (Vi inngjekk tilsvarande avtale med bu og habilitering for dei brukarane der som ikkje hadde legitimasjon. Tilsette kunne også stadfeste identitet for desse, sjølv om brukarane røysta på rådhuset – og ikkje på sjølve institusjonen.)

Til neste val bør vi på førehand spørje veljarane (eller den som bestiller) om dei har legitimasjon. Då kan vi også alliere oss med helsepersonell eller pårørande før vi kjem til veljaren.

Den nasjonale fristen for å be om heimerøysting var 4. september klokka 12. Vi måtte godkjenne alle søknadar som kom inn før fristen, og kunne godkjenne etterpå om vi hadde kapasitet. Den siste førespurnaden fekk vi rundt klokka 18 4. september, så då drog vi ut klokka 20.15 for å ta imot (etter at vi hadde hatt langope for førehandsrøysting).

Røysting på sjukeheimen

Det var førehandsrøysting på sjukeheimen 2. september frå klokka 10-14. Vi hadde god oppslutning, og tok imot 63 røyster frå pasientar, bebuarar på omsorgsbustadane, tilsette, naboar og andre.

Reint praktisk er det enkelt å ha førehandsrøystinga her, men det er «krevjande» veljarar, ikkje som at dei er vanskelege, tvert om, her er mykje godt humør og humor, men dei treng ofte ekstra rettleiing og «korreksjonar» for å sikre at valet er hemmeleg. Det er derfor viktig at dei som tek imot røyster her er erfarne valmedarbeidarar.

Sjølv om vi som valfunksjonærar har teieplikt, er det eit uttalt mål at vi også skal vite minst mogleg om kva den enkelte røyster. Vi ønsker derfor at veljarane skal vere mest mogleg sjølvstendige i valprosessen. For ein del veljarar er dette dessverre ikkje mogleg, og særleg er det slik på institusjonar. Vi skal derfor hjelpe dei som treng det.

Læringspunkt: Vi kommuniserte for dårleg med skjerma avdeling. Der var nokre tilsette av den oppfatning at pasientar som ikkje var samtykkekompetente ikkje kunne røyste. Dette er feil. Alle i Noreg har røysterett, uavhengig av kognitiv funksjon.

Denne uklarheita, gjorde at vi måtte opp på sjukeheimen igjen til skjerma avdeling. Vi blei tipsa av ein kjenning av ein pasient, som ønska å røyste. Under dette besøket fekk vi sikra oss at alle på skjerma fekk tilbodet om å røyste. Tre personar røysta under dette besøket.

Hendingar

Vi fekk for første gang testa beredskapsrutine når vi mistar tilgang til manntal. Dette brukte vi nokre få gonger då vi hadde litt trøbbel med å logge på datamaskinen. Rutinen fungerte som ho skulle.

Kommunikasjon

Det blei ikkje sett inn ekstra kommunikasjonstiltak for å styrke talet på førehandsrøyster (slik som vi gjorde i 2021, for å hindre kø og smitte). Det betyr at auka i førehandsrøyster ikkje kan forklarast med sterk oppmoding frå kommunen.

Av kommunikasjonstiltak kan vi nemne

- Artikkel om kvar det er mogleg å førehandsrøyste
- Artikkel, som blei hyppig oppdatert, om kor mange som har førehandsrøysta. I tillegg hadde vi eigne artiklar ved merkedagar.
- Artikkel om kvar det var mogleg å førehandsrøyste i nabokommunar

Desse artiklane blei delt i Facebook og nyheitsbrev.

På sosiale medium delte vi også opningstider og tal på førehandsrøyster som «stories» gjennom førehandsrøysteperioden.

I Vikebladet hadde vi annonse med kunngjering. Dei laga også redaksjonelt stoff på førehandsrøystinga ved to-tre høve.

Lokalet

Vi hadde all (ordinær) førehandsrøysting på servicetorget. Det fungerte bra, sjølv om det var hektisk. Kommunestyresalen var rigga for å vere backup siste veka før valet, men vi hadde ikkje behov. Vi hadde til saman tre røystebåsar på servicetorget. Dette var akkurat passe, slik at det ikkje oppstod kø av betydning.

Til kommunevalet 2027: Hugs at det då er to val, og særleg ved kommunestyrevalet vil veljarar nytte meir tid i båsen for å gjere rettingar.


Valdagen

Valdagen gjekk over all forventning. Vi var noko nervøse på grunn av endringane til éin krins, men dess nærare valdagen vi kom, dess mindre nervøse. Vi såg nemleg at den massive førehandsrøystinga ville gjere valdagen overkomeleg.

Og enklare blei det. Vi var budde på kø, og hadde derfor laga rutine for å kunne registrere køtid. For at vi ikkje skulle bruke unødige ressursar på dette, bestemte vi at vi ikkje skulle

starte å registrere køtid før det stod fem personar i kø. Resultatet blei at vi aldri kom i gang med å registrere fordi vi aldri nådde kriteriet for registrering.

Mykje skuldast heilt klart at mange hadde røysta på førehand, men like viktig var at veljarane fordelte seg meir utover dagen enn ved tidlegare val (då mange naturleg nok røysta i krinslokala si opningstid (13 -19).



Éin krins

Erfaringane med å ha éin valkrins er udelt positive for oss som jobbar med val. Dei økonomiske* innsparingane blei gjort greie for i sakshandsaminga før kommunestyret vedtok samanslåinga, og så langt vi kan, sjå gjeld desse prognosane framleis.

Det som ikkje kom like klart fram, fordi det var vanskeleg sjå det i forkant, er kor mykje mindre administrativt arbeid, betre kontroll og lågare skuldrar det er knytt til det å berre ha éin krins og eitt vallokale å halde seg til.

Vi vil sterkt oppmode kommunestyret om at dette blir ei fast ordning. Tilbakemeldingane i vallokalet har i stort vore svært gode. Det var nokre få som ytra sterk misnøye med ordninga i vallokalet. Då handla det om at dette var starten på nedbygging av krinsane. Elles var den vanlegaste negative tilbakemeldinga, at enkelte veljarar som var vande med å vere kjende av valmedarbeidarane i krinsane, no måtte vise legitimasjon. Til dette er det verdt å påpeike to ting:

1. Dersom vi går tilbake til fire krinsar, vil det framleis vere «ukjende» personar som tek imot røystene i krinsane. Røystestyra er avvikla, og det vil vere tilsette som tek imot røystene også i krinsane. Det betyr at det er større sjanse for at det er ein utanbygds frå som tek imot røystene i Brandal, som ein brandøling.
2. Det var ingen som ikkje klarte å legitimere seg på rett vis. Nokre få måtte hente legitimasjon, dei fleste av desse måtte ikkje lenger enn til bilen (og de fleste av desse tilfella var under førehandsrøysteperioden).

Gitt at vi går tilbake til fire krinsar vil det vere vanskeleg å spå kor mange som førehandsrøyster, også fordi neste val er kommuneval. I 2023 var det 45 prosent som førehandsrøysta i Hareid kommune (49 i Noreg). Sannsynlegvis blir det noko høgare. Då kan vi ta utgangspunkt at 250 vil røyste på Bigset og Hjørungavåg og 100 i Brandal.

Basert på tidspunkta veljarane røysta på i 2023 vil de gi toppar opp mot 50-60 veljarar i timen i Hjørungavåg og Bigset. Vi må bemanne for desse toppane, og det krev to registreringsbord å handtere. Vi må derfor ha fem personar i desse vallokala og tre i Brandal.

Det var rikeleg med parkeringsplassar, og ikkje på noko tidspunkt var «hovudparkeringsplassen» på Rådhusplassen i nærleiken av full. (I tillegg var Bankplassen og Strandgata forran rådhuset tilgjengeleg for veljarar).

Til slutt: Valet som blir gjort til neste val er også ei avgjersle som bør bli ståande i fleire val. Det vil vere forvirrande for veljarane, og ikkje vere lurt, om vi byter mellom éin og fire krinsar annakvart val.

* Tid er også pengar, så sjølv om vi ikkje vil ha like store direkte kostnader då vi sannsynlegvis vil klare oss i stor grad med eigne tilsette, er det ressurskrevjande å gjennomføre valet – og fleire vallokale vil gjere det endå meir krevjande.

Kommunikasjon


For å sikre at alle visste om den nye ordninga med eitt vallokale, blei det lagt opp til ein del kommunikasjonstiltak:

- Jamleg påminning i all informasjon om valet (til dømes: Hugs at det berre er eit vallokale på valdagen – rådhuset).
- Søndagen før valdagen blei det sendt ut tekstmelding til alle registrerte mobiltelefonar i Hareid kommune, i tillegg til alle e-postadresser.
- Eige «valspesial»-nyheitsbrev – der hovudvinklinga var «eitt vallokale»
- Fleire postar på sosiale medium om
- Informasjonsbrevet frå valdirektoratet som opplyser kva krins og vallokale veljaren høyrer til
- Plakatar på alle dei gamle vallokale for å minne dei som eventuelt hadde gått feil på at dei måtte dra til rådhuset.



STORTINGSVALET 8. SEPTEMBER:

Du kan berre røyste på rådhuset

[LES MEIR](#)

STORTINGSVALET:

Her kan du parkere gratis

[LES MEIR](#)*(Nyheitsbrevet som blei sendt ut før valdagen)*

STORTINGSVALET:

Utan godkjend legitimasjon får du ikkje røyste

[LES MEIR](#)

STORTINGSVALET:

Når kjem resultatet?

[LES MEIR](#)

Bemanning

Vi klarte å bemanne vallokalet med (nesten berre) eigne tilsette. Dei einaste eksterne var tre sanitetskvinner som vi tok inn for å sikre oss at vi hadde med oss nokre erfarne valmedarbeidarar.

Til neste val vil det ikkje vere behov for desse, då vi har nok erfarne tilsette som vi kan ha som basisbemanning.

Vi hadde åtte personar på kvar vakt – til saman 16. I tillegg hadde to frå dagvakta sagt ja til å vere på jobb til klokka 18 for å ta unna i rushtida. Desse blei sendt heim då det ikkje var behov.

Vi hadde fire personar i backup for å kunne setje inn ved sjukdom (vi nytta éin av desse). I tillegg kunne alle fem tilsette ved servicetorget steppe inn på kort varsel for å hjelpe i rushtid eller ved andre hendingar.

Valaansvarleg sjølv var til stades i vallokalet store delar av dagen, og på rådhuset heile dagen. Dette var ein stor fordel når det oppstod uvanlege situasjonar i vallokalet og valmedarbeidarane trengte råd. (Valansvarleg kunne vere så «hands on» fordi det berre var eitt vallokale å passe på.)

Hendingar

Det er berre norske statsborgarar som har røysterett i stortingsvalet, men det skjer innimellom i stortingsval at ikkje-norske trur dei kan røyste, då dei kan vere vande med å røyste i kommunevalet (der dei har røysterett etter tre år butid). I år opplevde vi uvanleg mange av desse (7). Fleire viste då til tekstmeldinga som blei sendt ut for å minne alle om at det berre var mogleg å røyste på rådhuset.

Elles var det ingen avvik eller hendingar som påverka valgjennomføringa i Hareid på valdagen.

Oppteljinga

Oppteljinga gjekk veldig fint.

Førehandsrøystene blei talte opp frå klokka 13 på valdagen. 12 personar brukte om lag to timar på jobben.

16 personar brukte litt over éin time på å telje opp alle valtingrøystene.

Det var gjort noko endringar i korleis vi skulle registrere forkasta røystegivingar og røystesetlar. Denne endringar framstår noko uklar og var eit diskusjonstema mellom valansvarleg i Kommune-Noreg. For vår del førte det til at vi dobbeltregistrerte forkastingane. Dette påverkar ikkje det endelege valresultatet, så ein bagatell i den store samanhengen. Feilen blei retta opp i distriktsvalstyret si kontrollteljing.

Utover dette var det ingen feil i oppteljinga i Hareid kommune.

Økonomi

Innkjøp

Vi har ikkje kjøpt inn noko utstyr av betydning. Det meste er småutgifter som til dømes kontorutstyr, kortlesarar og bypass-kort, merkelappar, plastboksar med meir. Det største innkjøpet var ein mobil skrivar som vi hadde på servicetorget.

Bypasskorta blei brukt som ei ekstra påloggingsmoglegheit. Vanlegvis har vi berre brukt BankID, men desse korta gjorde at vi sparte litt tid per pålogging, så mange valmedarbeidarar valde å bruke desse i staden. I tillegg er det ei ekstra tryggleik å ha to alternative påloggingsmoglegheiter – i tilfelle den eine går ned. Korta er gyldige i tre år, så dei kan nyttast til neste val også, dersom dei same personane skal vere valmedarbeidarar.

Denne var til stor hjelp når vi skulle skrive ut informasjonskort til veljarar. Skrivaren er delvis finansiert over ansvar beredskap då den er heilt frikopla SSIKT-systemet og kan enkelt flyttast til andre lokale der det må skrivast ut og vi kanskje ikkje har kommunalt nett tilgjengeleg.

Det blei ikkje brukt midlar til å reise på eller delta på eksterne kurs. Vi vurderte det slik at dei digitale løysingane frå Valdirektoratet var godt nok, i tillegg hadde valansvarleg I og II erfaring frå mange val tidlegare. Det same gjaldt 2 av 3 andre på servicetorget.

Vi hadde fem PC-ar som var spesialbestilt til valgjennomføringa. Desse var særskilt sett opp for å stette tryggleikskrava frå Valdirektoratet for å kunne nyttast til registrering av røyster og anna valadministrasjon i det elektroniske valadministrasjonssystemet. Vi kan vurdere å redusere talet på PC-ar til fire ved neste val (om vi held på éin krins).

Tidsbruk

Samla brukte organisasjonen rundt 750 timar på å gjennomføre valet. Hovudtyngda gjekk med til førebuing (51 prosent) og førehandsrøystemottak (27 prosent) medan sjølv valdagen (18 prosent) og etterarbeid/anna (4 prosent) stod for resten. (Sjå vedlegg)

Naturleg nok var det valansvarleg som drog mesteparten av lasset i førebuinga, men han hadde også vakter i førehandsrøysting. Det kunne med fordel blitt delegert oppgåver til andre på servicetorget, men samtidig er det godt å ha oversikt over heile prosessen frå dei minste detaljane til det store bildet og frå start til slutt.

I førehandsrøysteperioden var vallokalet i hovudsak dekkja opp av tilsette i servicetorget, men siste vekene var det enkelte frå resten av kommunen som stilte på nokre vakter, både som avlasting og som ekstra opplæring.

Merk: Valet i 2027 er kommune- og fylkestingsval. Det vil krevje ganske mykje meir av kommunen, både til førebuingar, sjølv valdagen og etterarbeid.

Førebuing: Arbeidet med å hente inn og godkjenne lister vil ta om lag 40-50 timar – avhengig av talet på lister, kor mykje feil som må rettast med meir.

Valdagen: Vi må rekne minst 2,5 timar ekstra til oppteljing per teljar – altså 50 timar – sidan det er to val, og vi må registrere rettingar i kommunevalet. Dette er også overtidstimar sidan det er det siste som skjer på valdagen.

Etterarbeid: Sidan det er kommuneval er det meir etterarbeid med konstituering, val av folkevalde organ, folkevaldopplæring (her er det glidande overgangar kva som ligg til sjølv valgjennomføringa og kva som er oppgåver som ligg til politisk sekretariat sitt ordinære arbeid.)

Budsjett 2027

Rekneskapet for valet 2025 vil vere ein svært god peikepinn på kva som må til av økonomiske midlar i 2027. I tillegg må følgande vurderast/leggjast inn:

- Er det behov for eksterne kurs og reiseverksemd? (Til dømes ved ny valansvarleg eller andre sentrale medarbeidarar)
- 25000 ekstra i overtid på grunn av meir tid til oppteljing på kvelden
- Eventuelle kostnader til løn, innkjøp og utbetring for å stette krav om universell utforming knytt til talet på krinsar [Sjå oversikt her.](#)

Desinformasjon

Det er ikkje observert desinformasjon eller forsøk på desinformasjon om valgjennomføringa i Hareid kommune eller valresultatet lokalt.

På informasjonskortet som alle veljarar fekk frå Valdirektoratet stod det at veljarane kunne «røyste i valle vallokale i kommunen på valdagen». Dei hadde ikkje teke høgde for at det var kommunar som berre hadde eitt vallokale – som oss. Vi registrerte nokre kommentarar/spørsmål på Facebook om dette – og fekk oppklara. Vi har også gitt tilbakemelding til Valdirektoratet om dette og dei skal endre ordlyden til neste val. (Det var fleire kommunar som hadde reagert.)

Anna småplukk

Merkelappane vi bestilte frå BICO til røysteavlukka hadde ikkje «peel of»-lim, som dei reklamerte med. Det vil derfor ta ein del tid å fjerne desse til neste val. Tipset er å leggje hyllene i vatn med zalo eller liknande.

Det er krav til at vi loggar på PC-ar kven som brukar dei og at det er installert sertifikat på kvar brukar. Det var ein ganske stor jobb å installere dette på tre PC-ar. Vi kunne løyst dette med å ha to-tre generelle brukarar og så loggføre på papir, men denne meldinga kom frå Valdirektoratet først etter at vi hadde installert sertifikata (sjå også siste avsnitt).

Valansvarleg I og II må få tilgang til Folkeregisteret for å kunne søkje opp utanlandsbuande sin siste norske bustadadresse før utflytting. Vi hadde eitt tilfelle der vi måtte kontakte Folkeregisteret si spesialteneste og Arkivverket for å få avklara siste bustadadresse i Noreg. Det var så lenge sidan utflytting av det ikkje var lagra informasjon digitalt.

Sametingsvalet: Vi hadde to personar som førehandsrøysta i sametingsvalet. Det er nesten lik prosedyre som ved stortingsvalet, men likevel forskjellig nok til at uerfarne valmedarbeidarar blir veldig usikre.

Vi fekk tilsendt vanvitig mykje materiell (plakatar, konvoluttar, røystsetelsett med meir), der det meste ikkje kan brukast ved neste val.

Det har vore fleire døme på at nasjonale retningslinjer, rutinar og liknande kjem altfor seint til å bli nytta/ha nytte for oss som jobbar ute i kommunane. Dette er frustrerande. Døme i 2025 – med ny vallov er:

- [Retningslinjer for universell utforming \(publisert 22. mai, lenge etter at vallokala var «spikra»\)](#)
- [Rettleiar om oppteljing \(publisert 3. september, lenge etter at lokal opplæring var utarbeida og gitt\)](#)